



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Haavard Stensvand
Telefon: 57643010
E-post: fmsfhst@fylkesmannen.no

Vår dato
10.02.2014
Dykkar dato
13.12.2013

Vår referanse
2013/5402 - 350
Dykkar referanse

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Uttale til rapporten om organisering og ressursbruk i brann- og redningsvesenet (brannstudien)

Vi viser til dykkar brev av 12. desember 2013, der vi vert invitert til å uttale oss om rapporten frå arbeidsgruppa som har vurdert organiseringa og ressursbruken i brann- og redningsvesenet (brannstudien).

1. Ein etat som i det store og heile fungerer

Dei kommunale brann- og redningsvesena har jamt over har høg status, og nyt stor respekt både blant publikum, media og samarbeidspartnerane sine. Utvalet deler tydelegvis dette synet, og seier m.a. at det er ein etat som «...på mange områder fungerer bra».

Det er difor veldig viktig at det i den vidare behandlinga av brannstudien er medvit om at etaten i det store og heile fungerer bra. Utgangspunktet for endringar i både organisasjon og oppgåver må vere å gjere betre det som er bra, og ikkje velje bort grunnleggjande føresetnader for at ting faktisk fungerer godt. Vi trur at ein god lokal tilknytning er ein slik føresetnad.

2. Tilrår ei regional organisering

Vi synest likevel at det bra at det vert gjort ein grundig gjennomgang av arbeidsoppgåvene og organiseringa i brann- og redningsvesenet. Det vert føreslått til dels store organisatoriske endringar i tenesta, og forslaga vert i stor grad grunnlagt med trongen for betre kompetanse og større robustheit.

Vi har gjennom fleire år vore ein pådrivar for å få kommunane til å søkje tettare samarbeid på brannvernområdet. Den viktigaste motivasjonen vår har vore trua på at større fagmiljø særleg vil bidra til å auke kompetansen og systematikken i det førebyggjande arbeidet. Vi trur at det ligg klare gevinstar i å etablere større, interkommunale brannvesen. Vi ser likevel at det vil vere store utfordringar ved å etablere eitt brannvesen i Sogn og Fjordane. Det går t.d. ikkje an å organisere seg bort frå geografiske avstandar. Det er ein reell fare for at det kan verte for stor organisatorisk avstand frå leiinga til personellet som skal gjere jobben lokalt, og til kommunane.

Vi tilrår difor ei organisering av brann- og redningstenesta etter ein regional modell, og trur at ei inndeling i tre einingar vil kunne gi ein høveleg storleik i Sogn og Fjordane. Vi trur at ein slik modell kan gi mange stordriftsfordelar, samstundes som dei geografiske og organisatoriske avstandane ikkje vert alt for store.

3. Kva er den konkrete trongen for endringar?

Vi meiner at det ein mangel ved rapporten at den gir relativt få konkrete svar, i alle fall i beredskapsarbeidet, på kva det er som gjer det nødvendig med store endringar. Det vert t.d.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

vist til (side 59) at «...den store forskjellen i kompetanse mellom deltidsbrann- og redningsvesen er en av de store svakhetene med dagens organisering og dimensjonering. Store brann- og redningsvesen har gjennomgående sterkere fagmiljøer, meir spesialkompetanse og får trening i å håndtere ekstraordinære hendelser gjennom erfaring».

I ein så pass omfattande rapport som dette burde det vere plass til å vise til nokre konkrete døme på kva negative følgjer denne kompetanseskilnaden har gitt og gir. At det innanfor brann- og redningstenesta er skilnader på små og store, og at det skjer fleire uønskete hendingar i område der det bur og ferdast mange folk, er elles ikkje så overraskande.

4. Samanhengen mellom brannstudien og andre endringsprosessar

Det går føre seg mange parallelle endringsprosessar på justis- og beredskapsområdet samstundes. I høyringsuttalar til andre utgreiingar og endringsforslag har vi oppmoda om å sjå prosessane i samheng. Vi meiner det er gode grunnar til gjenta den oppmodinga no òg.

Etter vårt syn er noko av den viktigaste lærdomen frå uønskete hendingar både nasjonalt og i fylket dei siste åra, at naudetatane og andre delar av samfunnet sitt beredskapsapparat må evne å samvirke på ein god måte. Ein av føresetnadane for å få til dette, er at dei som skal samvirke kjenner kvarandre, øver saman, planlegg saman m.v. Vi trur at det er ein stor fordel at etatar som skal jobbe nært saman vert organisert slik at strukturane i stor grad reflekterer kvarande. I den vidare behandlinga av brannstudien må det difor vere eit mål å leggje til rette for ein organisasjonsstruktur som kan bidra eit best mogleg samvirke både på operativt (lokalt) og på overordna nivå (distrikts-/regionnivå).

Vi trur òg at det vil vere klokt å sjå forslaga frå arbeidsgruppa i samheng med kommunereforma. Arbeidsgruppa slår fast at brann- og redningstenesta framleis skal vere kommunal. Veldig mange av dei problemstillingane som brannstudien omtalar, vil vere gjeldande for andre delar av kommunal verksemd, både som tenesteleverandør og som lokal styresmakt. Det gjeld spørsmål som kompetanse, robustheit, demokrati/styring, nærleik til innbyggjarane, integrering mellom fagområde osv. Vi trur difor at det er ein stor fordel å kunne sjå organiseringa av brann- og redningstenesta i nøye samheng med organiseringa kommunal verksemd elles.

5. Brann- og redningsvesenet sin status som lokal beredskapsaktør

Ein viktig grunn til at brann- og redningsetaten har ein høg status i vårt fylke, er at den desentraliserte organisasjonsstrukturen gjer den til ein garantist for ein fungerande lokal beredskap. Det er veldig mange døme på at dei andre naudetatane, særleg politiet, får kritikk for lang responstid. Vi kjenner ikkje til døme på tilsvarande kritikk mot brann- og redningsvesenet.

Politiberedskapen er i stor grad basert på bruk av patruljar som dekkjer store område, gjerne fleire kommunar. Ambulansetenesta i fylket er òg inne i ein omorganiseringsprosess, som truleg kan ende med færre ambulansestasjonar og større område å dekkje for kvar stasjon. Mange av brannsjefane i fylket gir uttrykk for at dei auka responstider i dei to andre etatane gjer at brann- og redningsetaten i større grad enn før må utføre oppgåver som høyrer inn under politiet og helsetenesta.

6. Motivasjon og innsatsvilje

Beredskapen i brann- og redningsvesenet i fylket er i stor grad basert på bruk av deltidspersonell, og i dei minste kommunane utan fast vaktordning. Vårt inntrykk er at deltidspersonellet er svært motiverte og har eit sterkt ønskje om å gjere ein god jobb når det

oppstår ei krise i lokalsamfunnet. Deltidsordninga ser òg ut til i stor grad å sikre tilstrekkeleg oppmøte ved alarmering.

Vi vil tru at uansett framtidig organisering, må den lokale brann- og redningsberedskapen i Sogn og Fjordane i stor grad baserast på bruk av deltidspersonell. Det er grunn til å tru at ein del av innsatsviljen hjå dei som tek på seg ei oppgåve i brannvesenet ved sidan av ein annan jobb, skuldast nettopp den lokale tilknytninga. Vi trur at det er ein reell fare for at ein veldig stor organisasjon, med lang avstand (både geografisk og organisatorisk distanse) til hovudkontor/-stasjon, vil kunne gjere det meir utfordrande å skape og halde ved like motivasjonen hjå deltidspersonellet.

Større avstandar og redusert lokalkunnskap kan òg bidra til å gjere det meir krevjande å finne og motivere dei gode kandidatar til å søkje deltidstillingar i brannvesenet.

7. Kompetanse og robustheit på beredskapsområdet

Vi har ikkje problem med å sjå at det kan vere utfordringar for små, desentraliserte brannvesen både å ha tilstrekkeleg kompetanse, og å vere robuste nok.

Vi trur likevel ikkje at ei etablering av store brann- og redningsvesen automatisk gir nokon garanti for betre kompetanse og større robustheit til å handtere hendingar. Brannar og ulykker skjer over alt og til alle tider, og det vil ikkje vere mogleg å samle styrkar med topp kompetanse alle stader. Innsatsen, i alle fall i innleiande fase, må gjerast av personell og ustyr frå lokalt plasserte stasjonar og depot, slik det òg er i dag.

Vi meiner at det ikkje må vere ein føresetnad for å kunne få tilgang til supplerande utstyr og kompetanse, at eksisterande brann- og redningsvesen vert slått saman til store einingar. Under brannen i Lærdal i januar i år vart det ytt hjelp frå brann- og redningsvesen i fleire kommunar og fylke. Etter dimensjoneringsforskrifta pliktar kommunane å samarbeide for å få til ei best mogleg utnytting av ressursane i regionen. Dersom det er eit problem å få brannvesena til å samarbeide, kan eit alternativ vere å styrke lov- og instruksverket, og gi alarmsentralane eit tydelegare mandat til å bruke ressursar på tvers av kommunegrensene.

Eit bidrag til å auke kompetansen i handtering av store og kompliserte hendingar, er å styrke det operative leiarapparatet. Vi vil tru at dette i stor grad må vere desentralisert i framtida òg, for å unngå at det går for lang tid frå alarmen går til leiarapparatet er etablert. Mange brann- og redningsvesen har i dag ordningar med overbefalsvakter som dekkjer fleire kommunar. Lov- og instruksverket bør kunne brukast til å regulere kva kompetanse som må krevjast for å utøve ein slik funksjon, og til å påleggje eit samarbeid når eit brannvesen sjølv ikkje har tilstrekkeleg kompetanse.

8. Brannførebyggjande arbeid

Førebygging er gitt brei plass i studien, og det vert konkludert med at brann- og redningsvesena må verte større for at fagmiljøa skal verte gode og robuste. Det er naturleg nok vanskeleg å seie noko om kor store miljøa må vere for å vere robuste nok, og studien gir heller ikkje noko svar på dette. I val av organisasjonsmodellar trur vi likevel at det er viktig å vege omsynet til kompetanse og robustheit opp mot andre viktige omsyn, som t.d. geografisk nærleik.

DSB har vore ein pådrivar for at kommunane skal utnytte brannvesenet sin kompetanse på ein betre måte, t.d. i arbeidet med risiko- og sårbarheitsanalysar, arealplanlegging og krisehandtering. Vi er samd i dette, og meiner difor at brann- og redningsvesena må organiserast slik at det kan leggjast til rette for eit godt samarbeid med andre delar av den

kommunale verksemda. Det kan vere ein fare for at for store einingar vil bidra til ein auka avstand til den enkelte kommune.

Dersom det vert valt ein fylkesmodell, vil vi tru at det av reinte praktiske årsaker må skje ei organisering av det førebyggjande arbeidet etter ein desentralisert modell. Dei store geografiske avstandane vil elles gjere at veldig mykje av arbeidsdagane går med til rein transport. Dersom robustheita skal målast i kor mange personar som i det daglege arbeider med førebyggjande arbeid, vil det såleis vere avgrensingar uansett organisasjonsstruktur.

9. Naudalarmeringstenesta

Vi har tidlegare uttalt oss om DSB sitt forslag til endringar i naudmeldetenesta. Vi stiller oss sterkt tvilande til ei samanslåing av fleire 110-sentralar til éin stor sentral i Bergen vi bidra til ei tryggare og betre teneste:

- Vi trur at det er lagt for lite vekt på dei fordelane med den eksisterande samlokaliseringa mellom operasjonssentralen og alarmsentralen
- Vi saknar ei alternativ tenking for å kompensere for eventuelle manglande robustheit ved sentralen i Florø, t.d. ved at alarmsentralane kan støtte kvarandre på tvers av fylkes-/politidistriktsgrensene når det er ekstraordinære og krevjande hendingar
- Vi trur at fordelande med lokalkunnskap og tilknytning til området som sentralen skal verke i vert undervurdert

Dersom dei føreslåtte organisasjonsendringar endar opp med ein brann- og redningsetat etter ein fylkesmodell, bør det gi endå større grunn til å halde på den noverande alarmsentralen i Florø. Alarmsentralen er eit interkommunalt selskap, og ved å leggje andre deler av brann- og redningstenesta inn i det, vil det bidra til å auke den samla kompetansen i selskapet og gjere det meir robust.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Haavard Stensvand
Fylkesberedskapssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.